



Michael Røssland, leiar i idrettslaget, klar til å leia ein stor dugnadsinnsats fram til 1. desember. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Politikarane har samrøystes gjeve grønt lys for eit lån på 300.000 kroner til fullføring av storstova i bygda – Uskedalen Aktivitetshus.  
No har uskedalingane eksakt to månader på seg for å fullføra verket hvis dei forskotterte tippemidlane ikkje skal gå tapt.  
Det blir ein krevjande innspurt der idrettslaget har teke ansvaret.**

- Vi satsar mykje av dei ressursane vi har og deler eit mannskap på minst 10 i tre dugnadslag: Eitt frå fotballgruppa, eitt frå turngruppa og eitt frå hovudlaget, opplyser leiar Michael Røssland til uskedalen.no. Han har registrert stor velvilje og entusiasme under ein ringerunde. Folk stillar seg svært positive til ein siste innsats slik at det store verket kan bli fullført.

- Men kvifor er ikkje det skjedd før, Michael?

- Eg tykkjer at ein skal vinkla dette positivt og slå fast at dette er eit stort og ambisiøst hus. Aktivitetshuset blir veldig flott og få prosjekt av ein slik dimensjon som eg kjenner til er reist utelukkande på dugnad.

Her har mange uskedalingar gjort ein stor jobb gjennom ei årrekkje og no er det berre det siste, store løftet som står att.

- Og kva består dette løftet i?.

- Det er framfor alt tre arbeidsoppgåver i garderobeanlegget: Legging av strie på veggane, maling av vegg og tak og listing rundt vindauge og dørar.

Så må det gjennomførast ei synfaring på detaljnivå. Det er mange detaljar som må vera 100 prosent fullført hvis det skal kunne gjevast "ferdigattest".

La meg leggja til og presisera at fagfolk allereie har gjort mykje på dugnad i hallstyret sin regi. Til dømes har Jan Olsson utført mye el-arbeid medan Jan Berntsen har arbeidd med ventilasjonen og vi har hatt røyrleggjarhjelp til våtromma. Dei er fullført – med unntak av blandebatteria.

Også dei umistelege damevennene har noko på gang – eg trur vi kan kalla det eit kioskopplegg som dei sjølv kan redegjera for.

- Og når går mannskapa i gang med sluttdugnaden?

- "Innkjøpssjef" Odd Steinar Arnesen er no i gang med å få tak i det som skal til og eg reknar med at dugnaden startar så smått til helga og får full kraft til veka.

- Og så ligg det vel an til ein skikkeleg opningsfest?

- Ja, det gjer det sjølvst, men eg veit ikkje om det blir før eller etter jul, svarar leiaren i idrettslaget.

Av Ola Matti Mathisen



Ikkje minst trimmarane har vore og er svært aktive i Aktivitetshuset. Her er gymstick-gjengen i aksjon for stutt tid sidan. (Foto: Ola Matti Mathisen)